



Kalsiumkanalblokkarar ved hjertesvikt

ARTIKKEL

HOLE T

DICKSTEIN K

GUNDERSEN T

KJEKSHUS J

MYHRE ESP

RØNNEVIK PK

WESTHEIM AS

Sammendrag

Gjennom sin verknad på kalsiumkanalen har kalsiumkanalblokkarane negativ effekt på transmembransk transport av kalsium. Dette gjev i varierende grad negativ inotrop effekt. Kalsiumkanalblokkarane gjev og i ulik grad reflektorisk og direkte neurohormonell aktivering. Det er skilnad mellom dei ymse preparata i profil, men med få unntak vil kalsiumkanalblokkarane ved redusert venstre ventrikkelfunksjon gje auka risiko for utvikling av hjertesvikt og aukande symptom ved manifest svikt med redusert prognose. Kalsiumkanalblokkarane har i dag ingen plass i behandling av hjertesvikt med bakgrunn i systolisk venstre ventrikkeldysfunksjon. Ved trong om tilleggsbehandling mot angina hos pasientar med hjertesvikt kan amlodipin eller felodipin nyttast der hjertesviktbehandling og betablokkar og/eller nitrat ikkje gjev god nok effekt.

Publisert: 17. oktober 2018. Tidsskr Nor Legeforen. DOI:

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2020. Lastet ned fra tidsskriftet.no